



Innbyggjarundersøking

Vest-Telemark 2023-2024



Innholdsliste

Oppsummering

1. Bakgrunn

1.1 Bakgrunn

1.2 Introduksjon

2. Om respondentane

2.1 Demografi

3. Reiselivet si betydning

4. Vurdering av tal besøkande

5. Besøkande i framtida

6. Reisemålsutvikling og berekraft

7. Fritidsbustader

8. Haldning til reiselivet



Foto: Even Lundefaret

1. Bakgrunn

1.1 Bakgrunn

Denne rapporten viser resultata frå ei spørjeundersøking utført blant innbyggjarar i Vest-Telemark.

Vest-Telemark er ein region i Telemark fylkeskommune, som består av dei seks kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Undersøkinga blei utført i perioden mai 2023 til og med januar 2024.

Undersøkinga er utført i samband med at kommunane i Vest-Telemark arbeider med å kvalifisera seg til merkeordninga «Berekraftig reisemål» for fyrste gong. Merkeordninga er utvikla av Innovasjon Norge og er eit verktøy for reisemål som ønsker å arbeide systematisk og langsiktig med berekraft i reiselivet.

I Vest-Telemark er det Vest-Telemarkrådet som eig prosjektet *Merket for Berekraftig reisemål*. Visit Telemark er prosjektansvarleg.

Undersøkinga blei distribuert på fleire ulike vis. Kommunane sine nettsider og Facebook-sider blei nytta. Styringsgruppa sine medlemmer oppfordra familie, vener, kollegaer og kjente til å svare.

Totalt har 813 personar svara på dei 26 spørsmåla i undersøkinga. Tal frå SSB viser at det er 14 233 innbyggjarar i Vest-Telemark¹. Det vil seie at omlag 5,7% av innbyggjarane i kommunen har svara på undersøkinga.

Det er eit krav i merkeordninga om å utføre innbyggjarundersøking kvart 3. år.

På den måten kan ein sjå på utviklinga over tid. Spørsmåla vil følgjeleg vere dei same frå gong til gong, men justeringar må reknast med. Nokre spørsmål er obligatoriske for å kunne svara på indikatorar i merkeordninga. Den totale innsikta som undersøkinga gjev oss er viktig for vidare utvikling av reiselivet i Vest-Telemark.

Definisjonen av ein *gjest*:

Fritidsinnbyggjarar blir rekna som *gjester*, slik som andre turistar. I denne undersøkinga blir både eigarar av fritidsbustader i Vest-Telemark og den meir tradisjonelle turisten definert som gjester.

I tillegg til innbyggjarundersøking er det utført to forskjellige undersøkingar: Gjesteundersøking (for turistar som ikkje eig eigen fritidsbustad i Vest-Telemark) og Fritidsbustadundersøking (for eigarar av fritidsbustad i Vest-Telemark).

Me vil rette ein stor takk til alle innbyggjarane som har teke seg tid til å svare på undersøkinga.

¹ Tal frå SSB 2023K3

1.2 Introduksjon

Reiselivet er viktig i Vest-Telemark.

I 2022 var verdiskapinga frå reiselivet i Vest-Telemark 190 mill. kroner.²

Vest-Telemark har 139567 fritidsbustader. Tal frå 2022 viser at var det 1 615 000 gjestedøgn i fritidsbustader, og 365 114 kommersielle overnattingar i Vest-Telemark.³

Kommunane i Vest-Telemark er forskjellige i forhold til turisme. Dette er ein rapport for Vest-Telemark som samla reisemål. Det blir også laga ein rapport pr. kommune i Vest-Telemark.

^{2,3} Tal frå Reiselivsstrategi i Vest-Telemark 2023-2033 s. 35





Foto: Kasper M. de Thurah



Totalt 813 personar svara på undersøkinga. Av totalt 14233 innbyggjarar i Vest-Telemark utgjør det 5,7% av alle innbyggjarane i kommunen.⁴

Med utgangspunkt i eit konfidensintervall⁵ på 95% får me ein feilmargin på 3%. Feilmarginen beskriv i kva grad me kan forvente at svara i undersøkinga speglar heile populasjonen. Til dømes betyr det at om 60% har svart ja på eit spørsmål kan me med 95% sikkerheit gå ut frå at mellom 57% og 63% av den generelle populasjonen meiner at svaret er ja.

⁴Tal frå SSB 2023K3

⁵Les meir om konfidensintervall her:
<https://no.surveymonkey.com/mp/margin-of-error-calculator/>



2. Om respondentane



813 respondentar i Vest-Telemark som svara på undersøkinga.
Svarprosenten mellom dei seks kommunane er:

Vest-Telemark: 39,0%


Fyresdal kommune: 13,5%

Tokke kommune: 12,3%

Kviteseid kommune: 12,1%

Nissedal kommune: 10,5%

Seljord kommune: 8,1%



Figur 3: Kva kommune i Vest-Telemark bur du i? (N = 813)


2.1 Demografi

Kjønn:


- 56,3% av respondentane er kvinner
- 41,5% av respondentane er menn
- 2,2% ønsker ikkje å svare på spørsmålet

Alder:

- 9,7% er i aldersgruppa 18-29 år
- 20,5% er i aldersgruppa 30-39 år
- 22,7% er i aldersgruppa 40-49 år
- 21,3% er i aldersgruppa 50-59 år
- 16,9% er i aldersgruppa 60-69 år
- 7,4% er i aldersgruppa 70-79 år
- 1,3% er i aldersgruppa 80 år og over




Figur 1: Kva er ditt kjønn? (N = 767)



Figur 2: Kva er din alder? (N = 775)

På spørsmål om kva kategori innbyggjar respondenten er, svarer:

- 41,5% at dei er tilflyttar
- 29,3% at dei alltid har budd i kommunen
- 24,6% har flytta attende til kommunen
- 4,7% «Anna»



Figur 5: Kva for ein kategori innbyggjar er du? (N = 769)




3. Reiselivet si betydning



Foto: Kasper M. de Thurah

På spørsmål om reiselivet i kommunen er viktig med tanke på arbeidsplassar og næringsutvikling, er:


- 87% heilt eller delvis enige
- 9% heilt eller delvis ueinige



Figur 6: Reiselivet er viktig for Vest-Telemark med tanke på arbeidsplassar og næringsutvikling? (N = 775)

På spørsmål om reiselivet i kommunen er viktig med tanke på befolkningsutvikling, er:


- 76% heilt eller delvis enige
- 13% heilt eller delvis ueinige



Figur 7: Reiselivet er viktig for Vest-Telemark med tanke på befolkningsutvikling? (N = 774)

På spørsmål om reiselivet gjer Vest-Telemark til ein meir attraktiv stad å bu, er:


- 71% heilt eller delvis einige
- 20% heilt eller delvis ueinige



Figur 8: Reiselivet gjer Vest-Telemark til ein meir attraktiv stad å bu? (N = 776)

På spørsmål om reiselivet bidreg til eit godt teneste- og kulturtilbod for innbyggjarane, er:


- 64% heilt eller delvis einige
- 20% heilt eller delvis ueinige



Figur 9: Reiselivet bidreg til eit godt teneste- og kulturtilbod for innbyggjarane? (N = 775)

På spørsmål om reiselivet i Vest-Telemark gjer at dei som bur der har fleire serverings- og fritidstilbod, er:


- 70% heilt eller delvis einige
- 19% heilt eller delvis ueinige



Figur 10: Reiselivet i Vest-Telemark gjer at dei som bur der har fleire serverings- og fritidstilbod? (N = 776)

På spørsmål om reiselivet gjør respondenten stolt av å bu i Vest-Telemark, er:


- 51% heilt eller delvis enige
- 20% heilt eller delvis uenige



Figur 11: Reiselivet gjør meg stolt av å bu i Vest-Telemark? (N = 776)

På spørsmål om reiselivet er viktig for utvikling av bygdene i Vest-Telemark, er:

- 80% heilt eller delvis enige
- 13% heilt eller delvis uenige




Figur 12: Reiselivet er viktig for utvikling av bygdene i Vest-Telemark? (N = 775)

4. Vurdering av tal besøkande



- 24,5% meiner det er litt for mange eller altfor mange av **fritidsbustadbefolkninga**. 45,6% meiner det er akkurat passe.
- 8,4% meiner det er litt for mange eller altfor mange **dagsturistar**. 33,9% meiner det er akkurat passe.
- 11,5% meiner det er litt for mange eller altfor mange **bilturistar**. 39,6% meiner det er akkurat passe.
- 18,0% meiner det er litt for mange eller altfor mange **bubilturistar**. 45,9% meiner det er akkurat passe.
- 8,4% meiner det er litt for mange eller altfor mange **campingturistar**. 41,8% meiner det er akkurat passe.
- 7,7% meiner det er litt for mange eller altfor mange **motorsykkelturistar**. 50,1% meiner det er akkurat passe.
- 3,8% meiner det er litt for mange eller altfor mange **gruppereiseturistar**. 39,0% meiner det er akkurat passe.



Figur 13: Korleis vurderer du antal hytteturistar, dagsturistar, bilturistar, bubilturistar, campingturistar, motorsykkelturistar og gruppereisande? (N = 772)




5. Besøkande i framtida



På spørsmål om korleis respondenten ønsker at utviklinga av tal besøkande skal sjå ut i framtida svarer:


- 26% at dei ønsker det skal bli mange fleire
- 41% at dei ønsker det skal bli nokon fleire
- 19% at dei ønsker det skal bli som I dag
- 8% at dei ønsker det skal bli nokon færre
- 4% at dei ønsker det skal bli mange færre



Figur 14: Når du ser framover i tid, korleis ønskjer du at antal besøkande skal utvikle seg der du bur? (N = 772)

Av dei som svara at dei ønsker *fleire* besøkande, ønsker:


- 76,4% fleire besøkande heile året
- 14,5% fleire besøkande om sommaren
- 7,1% fleire besøkande om vinteren



Figur 15: Du ønskjer at det skal bli fleire besøkande. Meiner du då heile året, eller frå tid til annan (for eksempel i turistsesongen)? (N = 518)

Av dei som svara at dei ønsker *færre* besøkande, ønsker:

- 50,5% færre besøkande heile året
- 24,2% færre besøkande om sommaren
- 18,9% færre besøkande om vinteren



Figur 16: Du ønskjer at det skal bli færre besøkande. Meiner du då heile året, eller frå tid til annan (for eksempel i turistsesongen)? (N = 95)




6. Reisemålsutvikling og berekraft



Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstand:

Naturen og miljøet blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen.

- 43% er heilt eller litt einige
- 39% er heilt eller litt ueinige
- 17% er nøytrale




Figur 17: Naturen og miljøet blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen? (N = 773)

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstand:

Kulturen og historia blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen.

- 46% er heilt eller litt einige
- 26% er heilt eller litt ueinige
- 19% er nøytrale



Figur 18: Kulturen og historia blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen? (N = 773)

Figur 19: Kor einig eller ueinig er du i at innbyggjarane blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen?


43% er heilt eller litt einig, 32% er heilt eller litt ueinige

Figur 20: Kor einig eller ueinig er du i at økonomien til dei lokale bedriftene blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen?


42% er heilt eller litt einige, 15% er heilt eller litt ueinige

Figur 21: Kor einig eller ueinig er du i at dei besøkande blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen?


56% er heilt eller litt einig, 15% er heilt eller litt ueinige



Figur 19: Innbyggjarane blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen? (N = 771)



Figur 20: Økonomien til dei lokale bedriftene blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen? (N = 772)




Figur 21: Dei besøkande blir teke vare på i reiselivsutviklinga i kommunen? (N = 772)

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstand:

Å fokusere på ei berekraftig utvikling er viktig.

- 73% er heilt einig
- 16% er litt einig
- 10% er nøytrale




Figur 22: Å fokusere på ei berekraftig utvikling er viktig? (N = 773)

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstand:

Vest-Telemark framstår som eit reisemål med fokus på berekraft.

- 34% er heilt eller litt einig
- 32% er heilt eller litt ueinig
- 34% er nøytrale




Figur 23: Vest-Telemark framstår som eit reisemål med fokus på berekraft? (N = 771)

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstand:

Dei besøkande er gode til å ta omsyn til lokalbefolkninga.

- 45% er heilt eller litt einige
- 25% er heilt eller litt ueinige
- 30% er nøytrale




Figur 24: Dei besøkande er gode til å ta omsyn til lokalbefolkninga? (N = 771)

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstand:

Dei besøkande er gode til å ta omsyn til naturen og miljøet.


- 40% er heilt eller litt einige
- 34% er heilt eller litt ueinige
- 26% er nøytrale



Figur 25: Dei besøkande er gode til å ta omsyn til naturen og miljøet? (N = 772)

Kor godt tykkjer du at besøkande blir behandla i Vest-Telemark?

- 15% svarer svært bra
- 57% svarer bra
- 19% er nøytrale
- 4% svarer dårleg
- 1% svarer svært dårleg
- 6% svarer at dei ikkje veit




Figur 26: Kor godt tykkjer du at besøkande blir behandla i Vest-Telemark? (N = 774)

Dette er eit av to obligatoriske spørsmål i merkeordninga *Berekraftig reisemål*:

Kor einig eller ueinig er du i følgjande utsegn:

«Vest-Telemark kjennest overfylt fordi det er for mange turistar her?»

- 48% er svært ueinige
- 16% er litt ueinige
- 15% er nøytrale
- 12% er litt einige
- 8% er svært einige



Figur 27: Kor einig eller ueinig er du i følgjande utsegn: «Vest-Telemark kjennest overfylt fordi det er for mange turistar her?» (N = 776)




7. Fritidsbustader



Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar knytt til fritidsbustader?

Fritidsbustadbefolkninga gjev viktige inntekter til den lokale handelstanden, handverkarar m.m.


- 79% er heilt eller litt einige
- 11% er heilt eller litt ueinige
- 12% er nøytrale



Figur 28: Fritidsbustadbefolkninga gjev viktige inntekter til den lokale handelstanden, handverkarar m.m.? (N = 771)

Fritidsbustadbefolkninga er viktige ressursar og ambassadørar for kommunen

- 67% er heilt eller litt einige
- 18% er heilt eller litt ueinige
- 15% er nøytrale




Figur 29: Fritidsbustadbefolkninga er viktige ressursar og ambassadørar for kommunen? (N = 772)

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar knytt til fritidsbustader?

Det er rom for å byggje fleire fritidsbustader i kommunen.


- 27% er heilt eller litt einige
- 40% er heilt eller litt ueinige
- 13% er nøytrale



Figur 30: Det e rom for å byggje fleire fritidsbustader i kommunen (N = 773)

Det er viktig å få meir heilårsbruk av fritidsbustadene.

- 79% er heilt eller litt einige
- 7% er heilt eller litt ueinige
- 15% er nøytrale



Figur 31: Det er viktig å få meir heilårsbruk av fritidsbustadene? (N = 770)


8. Haldning til reiselivet



Dette er det andre av dei to obligatoriske spørsmåla i merkeordninga *Berekraftig reisemål*.

Kva er di haldning til reiselivet der du bur?

- 57% er positive
- 15% er litt positive
- 14% er nøytrale
- 10% er litt negative
- 4% er negative



Figur 32: Kva er di haldning til reiselivet der du bur? (N=776)